



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FE-614
Arkivsaksnr: 09/635	Løpenr: 10/3603
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	04.11.2010	050/10	TR

UTBYGGING VED SAMNANGERHEIMEN - VIDAREFØRING AV PROSJEKT MED UTGANGSPUNKT I KOMMUNESTYREVEDTAK 30.09.10

04.11.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Eva Hellevang H sette fram spørsmål til kommunestyret om hennar gildskap i saka. Eva Hellevang gjekk frå og spørsmålet om gildskap vart deretter drøfta.

Marit A. Aksnes Krf gjorde framlegg om at Eva Hellevang H vert ugild i saka. Dette vart samrøystes vedteke. Kommunestyret utgjorde etter dette 20 representantar.

Bjørn Sævild Bl sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Arbeidsgruppa får mandat til å gå i gong med prosjektet og finansiering av prosjektkostnaden kr. 300.000, finansieres / hentes fra disp.fondet.”

Brigt Olav Gåsdal Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak (han tok fram att mindretalsframlegget frå førre møte i kommunestyret):

”Kommunestyret viser til saksutgreiing med vedlegg i sak 37/10 handsama 30. sept. -10. det vert arbeidd vidare med alternativ 3. det vert utarbeidd eit byggjeprogram som skal danna grunnlag for innbyding til anbudsrunde. Oppvekst- omsorgsutvalet vert framleis styringsgruppe for prosjektet. Prosjektgruppa held fram og knyter til seg konsulent. PØ skal saman med administrasjonen utarbeida framlegg til finansiering.”

Øyvind Røen Sp fremja eit tillegg til framlegget frå Bjørn Sævild Bl:

”Etter 2030 vil talet på eldre i Samnanger auka sterkt. Skisseprosjektet må difor innehalda ei vurdering av om det er mogeleg med ei vidare utbygging av Samnangerheimen frå 2025.”

Øyvind Røen Sp ba om gruppemøte. Møtet vart heva frå 16.40 til 16.50.

Brigt Olav Gåsdal Ap fremja eit tillegg til det førre framlegget sitt:

”Styringsgruppa får utvida mandat til å greia ut korleis heimen i framtida kan utvidast med 8 plassar meir enn dei 31 som er lagt inn i prosjektet.”

Det vart røysta ved at Brigt Olav Gåsdal sitt framlegg med tillegg vart sett opp mot Bjørn Sævild sitt framlegg med tilleggsframlegg frå Øyvind Røen.

Bjørn Sævild sitt framlegg med tillegg frå Øyvind Røen fekk 6 røyster og fall.

Brigt Olav Gåsdal sitt framlegg med tillegg fekk 14 røyster og vart vedteke.

KS-050/10 VEDTAK:

Kommunestyret viser til saksutgreiing med vedlegg i sak 37/10 handsama 30. sept. -10. det vert arbeidd vidare med alternativ 3. det vert utarbeidd eit byggjeprogram som skal danna grunnlag for innbyding til anbodsrunder. Oppvekst- omsorgsutvalet vert framleis styringsgruppe for prosjektet. Prosjektgruppa held fram og knyter til seg konsulent. PØ skal saman med administrasjonen utarbeida framlegg til finansiering.

Styringsgruppa får utvida mandat til å greia ut korleis heimen i framtida kan utvidast med 8 plassar meir enn dei 31 som er lagt inn i prosjektet.

Dokument som er vedlagt:

oya0019n_skisseprosjekt.pdf

Dokument som ikkje er vedlagt:

Tidlegare handsamingar.

Utskrift av melding om vedtak vert sendt til:

Grete Lill Hjartnes
Kenth Paul Opheim
John Inge Sandvik

Kva saka gjeld:

Kommunestyret vedtok i møte 30.09.10 i sak 37/10 fylgjande:

Kommunestyret ønsker at Styringsgruppa/OO arbeider vidare med rehabilitering av Samnangerheimen. Det bør lagast et skisseprosjekt i målestokk 1:200 med det for øye å nyttiggjøre mest mulig av eksisterende bygningsmasse innenfor ønsket romprogram.

Med bakgrunn i dette vedtaket vart konsulenten bedt om å fylgja opp saka. Norconsult har i skriv (vedlagt) gitt tilbakemelding om korleis dei meiner vedtaket i kommunestyret kan løysast. Prosjektet vil ha ein tidsbruk på om lag 4 mn og kan komme opp i ein kostnad rundt kr 550.000. Det er nytta timeratar frå rammeavtalen.

Saka vert lagt fram med førespurnad frå arbeidsgruppa om mandat til å gå i gong med dette prosjektet og finansiering av prosjektkostnaden.

Det er budsjettert med 400.000, og av disse er det nytta kr.153.000 til idèskissa. Prosjektet må derfor fullfinansierast før arbeidsgruppa kan gå igong.